

TRYGG SKULEVEG

Hasund skule oppmodar dei elevane som kan til å gå til og frå skulen. Dette gir fin mosjon og frisk luft før og etter skuledagen. Vi oppmodar føresette til å lære borna sine å gå skulevegen på tryggast mogleg måte. Lag gjerne gå-avtalar med andre born i nabolaget.

Køyring til skulen

Det er svært mange bilar rundt skuleområdet, særleg om morgonen og rundt skuleslutt. Vi oppmodar alle om å respektere skiltinga rundt skulane og om å køyre svært varsamt.

- **Køyring på skuleområdet i skuletida mellom kl. 07.00 og 16.15 er ikkje tillate.**
- Parkering for tilsette er parkeringsplassen ved Straumane mot sjøen.
- Foreldre som køyrer born til skulen eller hentar på ettermiddagen bør bruke parkeringsplassen ved Straumane mot sjøen. Ver obs på køyremønster der. **Busslomma ved vegen må ikkje brukast, då dette har skapt uheldige og farlege situasjonar.**
- Ved arrangement i skulen sin regi kan skuleplassen, parkeringsplassen ved bedehuset og plassen ved Straumane mot sjøen brukast. Ein ber om at parkeringa framfor Straumane-butikken ikkje blir nytta.

Skulen rår til at elevane kan sykle til og frå skulen frå 10-års alderen. Dette er i tråd med råd frå Trygg Trafikk. Det er de som føresette som må vurdere når dykkar barn er modne til å kunne handtere sykkel og trafikk på ein trygg måte.